

Ordstyraren

Rolleinstruksjon:

Ordstyraren har som oppgåve å bestemma kor mykje av teksten

ein skal snakka om om gongen. Det kan vera eit avsnitt, ei side eller eit kapittel. Sjølv om alle har lese teksten før, treng ein å lesa avsnitt for avsnitt på nytt for å gå i djupna. Difor har ordstyraren i oppgåve å førebua lesarane i gruppa på kva dei kan venta at neste avsnitt/ kapittel vil kunna dreia seg om. Det er snakk om å gjera gjettingar, basert på overskrifter eller førkunnskapar. Gjettingane skaper forventinger til innhaldet i teksten, noko som er ein strategi for å gjera lesaren aktiv i møte med teksten.

I samtalen skal ordstyraren fordela ordet, passa på at samtalen ikkje beveger seg bort frå teksten, og passa tida.

Når ordstyraren les skal ho/han konsentrera seg om å få tak i kva hovudpoenget i avsnittet/kapittelet er.

Til slutt skal ordstyraren ta initiativ til å starta ei oppsummering, men det er meininga at gruppa i fellesskap snakkar seg fram til ei felles forståing av kva hovudpoenget i avsnittet er.

Døme på startsetningar for ordstyraren:

Det neste kapittelet/avsnittet tenkjer eg kjem til å handla om ... sidan overskrifta er / fordi føre avsnitt handla om ...

Nå må me oppsummera kva hovudpoenget i dette avsnittet er. Eg meiner det er ...

Spørsmålsstillaren

Rolleinstruksjon:

Spørsmålsstillaren har ansvar for å stilla spørsmål. Det vil innebera å finna setningar eller parti i teksten som kan vera vanskelege å forstå, eller noko i teksten som minner om tidlegare kunnskap og erfaringar. Målet til «spørsmålsstillaren» er ikkje å kontrollera fakta, men å knytta samband og å sjå samanhengar mellom det ein veit frå før og det lesne. Denne rolla har ansvar for å utfordra samtalen med gode og utforskande spørsmål. Bruk gjerne mønster etter «oppfølgings-spørsmåla» frå lista under.

- *Har du høyrd om noko liknande før?*
- *På kva måte likner dette på noko me har lært om før?*
- *Kva er forskjellane mellom ... og ...?*
- *Veit de om eit anna ord for det same?*
- *Kva er samanhengen mellom ... og ...?*
- *Kva er det motsette av ...?*
- *Korleis skil dette seg frå det som er sagt tidlegare?*
- *Kan du gje eit døme?*

Spørsmål kan då til dømes sjå slik ut:

Det står nedst på første side at samanhengen mellom språk og læring er omtalt mange stader i denne boka ... Kva er den samanhengen egentleg? Korleis skil kognitivt utfordrande samtalar seg frå andre samtalar? Kvifor er det så viktig at læraren ikkje skal evaluera svaret som elevane kjem med? Kva erfaringar har de med det? Kva står det her er kriteria for dialogisk samtale? Er kriteria som står her dei same som dei prinsippa me blei presenterte for i fagfilmen frå føre samling?

Ordjegeren

Rolleinstruksjon:

Denne rolla har ansvaret for å oppklara kva viktige ord og faglege

omgrep betyr. Det inneber å leggja merke til og vurdera kva som er sentrale faglege omgrep, og å bringa dei inn i samtalen. «Ordjegeren» har ansvar for at gruppa diskuterer innhaldet og forståinga av dei sentrale faglege omgrepa.

Til dømes:

Eg tenkjer at omgrepet «sokratisk samtale» er sentralt. Kva tenkjer de det betyr, ifølgje teksten?

På side 84 referer forfattaren til eit «sosiokulturelt perspektiv». Kva er egentleg det?

Kva betyr interaksjon?

Kva betyr kumulativ egentleg?

